

Elin og Fiol



Elin Ekorn har mykje å gjere. Ho har bestemt seg for å følge draumane sine og har meldt seg på Fiol. Då ho såg annonsen i Kongleposten i går, kjende ho eit sug i magen. «Er du den nye songstjerna vår? Meld deg på Fiol. stod det. Innleiande rundar skal haldast neste veke.» Elin begynte å dirre over heile kroppen. Våga ho dette? Ho ville jo så gjerne, men det kjendest veldig skummelt på same tid. Til slutt bestemte ho seg. Ho skulle melde seg på.

No er det mykje som må ordnast.

Det viktigaste er sjølvsgat kostyme.

«Det må bli noko rosa og glitrande» tenker ho drøymande. «Kanskje med ein liten splitt.» «Og rock and roll».

Ho finn fram symaskinen og set i gang. Snart har ho klesdrakta klar. Ein rocka rosa kjole med strutteskjørt i tyll har ho trylla fram. Ho ser på seg sjølv i spegelen og sukker fascinert. «Slett ikkje verst». Rosa er ein farge ho kler ekstra godt. Ho lagar også ein liten tiara av konglar og målar den sølvfarga. Ho er svært nøgd med resultatet. Ho kjem sikkert til å vinne med ei slik klesdrakt. Gjennom vindauget får ho auge på Sjriffen Sverre Moses og Apen Albert. Ho inviterer dei inn på ein kopp nøtte-te slik at ho kan vise fram kostymet sitt. Sverre Moses er eigentleg altfor lang til å vere inne i den tronge stova til Elin, men sidan han er ganske opptatt av henne, så bøyer han seg dobbel og takkar lukkeleg ja til tilbodet.

«Kva synest de om kjolen eg skal ha på meg på Fiol?» Elin svingar seg rundt i stova.

«Litt for sukkersøtt for min smak» seier Albert. «Kva med noko meir rap-aktig?»

«Eg synest du er kjempefin. Nesten som ei rockestjerne» seier Sverre Moses og raudnar langt nedover halsen.

«Tiaroen må du i alle fall droppe» meiner Albert. «Den går berre ikkje.»

Elin er litt såra, men ho kan sjå at tiaraen kan stele ein del merksemd.

Særleg sidan den heile tida glir ned i panna og dekker halve ansiktet.

«Kva skal du synge då?» spør Albert.

«Oi, det har eg faktisk ikkje tenkt på i det heile tatt» må Elin vedgå.



Ho har hatt all fokus på klesdrakta.

«Eg synest du skal synge den songen du song på julefesten, «Eg vil ha ein blå ballong.»

«Nei...» stønnar Albert og riv seg i øyra. «Den er berre så teit. Kva med: Eg er ein gangster, eg, og eg er super farleg..»

«Eg veit ikkje» seier Sverre Moses. «Eg trur kanskje ikkje den passar heilt til Elin... det er liksom ikkje heilt hennar stil...»

«Eigentleg, Elin, er det noko eg må seie deg» begynner Albert.

«Eg veit ikkje heilt korleis eg skal få sagt det, men det er best å vere ærleg, og saka er... du er søtaste korjenta i verda, men, altså, du kan ikkje synge! Eg seier det berre for å vere grei. Du veit eg snakkar sant, Sverre Moses?»

Sverre Moses vrir seg i stolen.

«Ja, eg meiner, nei. Eg synest du syng kjempefint, eg, Elin.»

«Sverre Moses, det seier du berre fordi du er forelska i Elin», stønnar Albert.

«Saka er, Elin, at du syng med ei fin stemme, men nokre gonger er det skjerande falskt.» Elin tar til å gråte.

Sverre Moses som no raudnar heilt ned til tærne, prøver å trøyste henne, men det hjelper lite.

«Er det verkeleg sant at eg syng falskt?» hikstar Elin.

«Ja,» svarer Albert, men så lysnar han opp. «Men du kan lære deg. Du kan ta songtimar.»

Men kven i Kongleriket skulle kunne lære Elin å synge?

Albert og Sverre Moses tenker så det knakar.

Det er mange av dyra i Kongleriket som kan spele instrument, men dei kan ikkje komme på nokon som kan synge.

Før dei går, lovar likevel Albert og Sverre Moses å hjelpe med det dei kan. Dei skal lage «Stem på Elin»-plakatar og skaffe masse stemmer. Etter at gjestene har gått, bestemmer Elin seg for å gå ein tur. Ho må trekke frisk luft og tenke. «Er det verkeleg sant at ho syng falskt?»

Ho går ned til brønnen. Der brukar det alltid å vere stille og fredeleg og ein god stad å tenke over vanskelege ting. Ved brønnen får ho auge på Konglekrabben Kurt, som held på å gjere alt klart for vinteren. Han arbeider med raske klør og nynnar ivrig; «Jeg vil til Bergen, vil til Bergen med det samme...» Songen kling sterkt og klart og klokkeint. Elin stoppar brått.

«Vent no litt...» Han syng jo nydeleg. Aldri før har ho tenkt på at Kurt kan synge.

«Så fint du syng,» seier ho. Kurt skvett. «Å, eg såg deg ikkje. Eg brukar berre å synge når eg er åleine, i dusjen og slik, eller når eg badar i tjernet. Eg syng helst når eg er nær vatn. Det inspirerer meg.»



«Kurt, kan du svare meg heilt ærleg på ein ting?» spør Elin.

«Syng eg falskt? Albert seier det.»

«Vel... saka er at... eg har tenkt på det nokre gonger når eg har høyrte deg kore for Konglebandet at du... du syng ikkje stygt altså, men det er litt falskt nokre gonger, ikkje mykje, berre litt falskt. Det kan du heilt sikkert rette på.»

«Trur du? At dersom eg øver, så kan det bli bra?»

«Heilt sikkert.»

«Hadde du kunna hjelpe meg?»

Kurt raudnar av glede. Han blir kjempeglad for at Elin spør om han vil hjelpe. Tenk om han kan vere til nytte.

«Eg vil gjerne hjelpe deg,» seier han verdig. «I morgon er det søndag. Då passar det bra å begynne. Kom heim til meg klokka eitt, så går vi i gang.»

Neste morgon er Elin spent der ho hoppar gjennom skogen på veg til Kurt.

Han driv og romsterer inne i huset sitt med å stille fram notar og stativ når ho kjem.

«Vi går i gang med det same. Du kan stille deg bak notestativet.»

Dei øver i mange, mange timar. Først går det ikkje så bra, og Elin græt litt. Men Kurt trøystar, og etter kvart som timane går, lyder det betre og betre. På slutten av dagen høyrst det retteleg bra ut. Dei avtaler å møtast neste dag for å øve meir. Heile veka trenar dei, og Elin gjer store framsteg.

Så får ho telefon frå Fiol. Ho skal synge neste laurdag. Elin kjenner at ho blir fælt nervøs og spring ned til brønne. Ho må snakke med Kurt. Han har no blitt den næraste venen hennar, og den første ho spør om råd om det meste. Han roar henne og seier at no må dei berre bestemme song og så øve masse på den, så kjem alt til å gå bra. Dei diskuterer ei stund kva song dei skal velje. Elin vil veldig gjerne synge «Poker face» av Lady Gaga, medan Kurt meiner ho heller skal velje noko meir klassisk, som «Vestland, Vestland». Det er ikkje så lett å bli samde, men til slutt får dei ein kjempegod idé:

Kva om bandet til Kåre Bjørn hadde kunna skrive ein heilt eigen Konglesong som ho kunne synge?

Alle synest det er ein fantastisk idé, og snart er alle i skogen i gang med å lage «Konglesongen», ein fengande popplåt som begynner med: «I Kongleskogen, yeah, yeah, yeah... I Kongleskogen, der får vi det te...»

Så kjem den store dagen. Elin er godt førebudd. Ho har stroke kostymet sitt, krølla halen og tupert øyra. Kurt skal vere med, og Kåre Bjørn skal kompe på gitar. Hjørdis sender med dei rikeleg med blåbærpai på turen. Dei får skyss med Musepatruljen inn til byen og er ute i god tid. Klokka sju skal Elin synge. Kurt hjelper henne å varme opp.

Endeleg er det Elin sin tur. Ho går opp på scena og kjenner at ho er bittelitt nervøs, men ikkje mykje. Ho veit nemleg at ho har øva, songen er fantastisk, og ho gler seg masse til å opptre. Ho kjem inn, og der sit dommarane. Dei ser strenge ut. Det er Katarina Ku, den kjende operasongarinna som akkurat har flytta tilbake til Noreg etter ein kométkarriere på dei store operascenene i Italia. Så er det Kristoffer Kanarifugl, ei stor musikalstjerne, og til sist den svært kjende songhyenen Pedro, som nyleg har gitt ut rap-plate og er det store forbildet til Apen Albert. Elin blir litt nervøs att, men hugsar kva Kurt har fortalt henne: «Du er best, dette kan du, hald hovudet høgt, jenta mi. Gi alt du har.» Kåre Bjørn står klar med gitaren og ser oppmuntrande på henne.

Elin dreg pusten djupt og begynner: «I Kongleskogen, yeah, yeah, yeah..»

Ho gir verkeleg alt ho har, og kjenner at ho er stjerna på scena denne kvelden.

Når songen er over, er det først heilt stille, så brakar applausen laus.

«Elin, Elin,» ropar dei frå salen. Ho ser ut og får auge på Hjørdis Hjort, Brede Bre, Sjiraffen Sverre Moses, Apen Albert, Lucy Lemen og til og med Musepatruljen. Alle venene hennar sit der nede og heiar, og dei har lova å stemme hemningslaust på henne alle saman. Og mest av alt ser ho på den gode venen sin, Konglekrabben Kurt, som sit der nede og strigræt, så rørt er han, og lukkeleg for at han har fått lov til å hjelpe til. Og ho ser også ein masse publikum som ho ikkje kjenner, som jublar og ropar namnet hennar. Ho veit at same korleis det går, om ho kjem vidare eller ikkje, så stemmer det ikkje lenger at Elin Ekorn ikkje kan synge.

«Tusen takk, Kurt,» tenker ho inni seg. «Vi klarte det.»

Og ho kjenner at det eigentleg ikkje spelar noko rolle korleis det går. Det viktigaste er at ho har verdas beste vener der ho bur. I verdas beste Konglerike.

